

Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Avdelinga: 70 10 59 50
Koordinering av time: 70 10 59 54
Avdelingssjukepleiar: 70 10 59 57

Pasientinformasjon

Laserkonisering

Laserkonisering

Informasjon til deg som skal / har vært til laserkonisering

Behandlinga

Laserkonisering går ut på å fjerne ein liten del av livmorhalsen ved hjelp av laserstrålar.

Behandlinga etterlet ei sårflate på livmorhalsen som gror i løpet av 3 - 4 veker. I denne perioden bør du unngå bruk av tampong, karbad, samleie og sterk fysisk aktivitet. Dette er fordi det skal gro fint og at det ikkje skal oppstå blødning.

Du møter fastande for journalskriving i avdelinga dagen før eller same dag som behandlinga. Når du har blitt undersøkt av lege, fått informasjon og teke blodprøve, får du ei seng og noko å slappe av på før behandlinga.

DETTE MÅ DU TA OMSYN TIL FØR OPERASJONEN:

Inngrepet kan ikkje utførast dersom du har menstruasjon. Dersom dette er tilfellet for deg, ta kontakt med avdelinga for ny time.

Dersom du har spiral, vert det diskutert ved innkomsten om den skal fjernast. Dersom det skal legges inn ny, kan det tidlegast gjerast etter 6 veker.

Dersom du brukar blodtynnande medikament, som f.eks Albyl-E eller Marevan, må desse stoppast ei veke før inngrepet. Du må då ta kontakt med fastlegen din for å høyre om dette er greit, eller om du må ta eit anna medikament istaden.

Etter behandlinga

På grunn av blødningsfare må du vere i avdelinga i 4 timar etter inngrepet. Det er vanleg med litt blodig utflod dei fyrste vekene, men svært sjeldan kan det oppstå større blødningar. Blødningsfaren er størst den fyrste veka etter inngrepet.

Vevsbiten som er fjerna, vert sendt til mikroskopisk undersøking. Rapport om kva som er gjort, og resultat av prøvene blir sendt til legen din. Du blir tilskreven av operatør om svar på mikroskopisk undersøking.

Du får sjukemelding i ei veke. Dersom det skulle oppstå kraftige blødningar (større enn vanleg menstruasjon), kan du ta kontakt med avdelinga.

Når du reiser heim etter inngrepet, får du beskjed om time til kontroll ved Gynekologisk poliklinikk, hos den legen som opererte deg, eller hos den som tok celleprøven før operasjonen. Denne kontrollen skal vere 4-6 mnd. etter inngrepet. Evt. vidare kontrollar kan avtalast på poliklinikken.

